



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
11.07.2011
Dykkar dato

Vår referanse
2011/5967
Dykkar referanse

Rapportnummer:
2011.046.I.FMHO

Rapport frå kontrollen ved Sjøtroll Havbruk AS på lokaliteten Blom, Osterøy kommune, 5. mai 2011

Tema for kontrollen:

-
- | | |
|--------------------------|--|
| • miljømål | • leinga (driftsleinga) sitt ansvar for ytre miljø |
| • miljørisikovurderingar | • drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget |
| • resipientgranskingar | |
-

Hovudfunn frå kontrollen

Vi fann avvik på følgjande tema:

- miljømål (1a)
- miljørisikovurderingar (2h)
- resipientgranskingar (3a, 3c og 3d)

Frist for retting av avvika er sett til 1. oktober 2011

Sissel Storebø e.f.
fungerende seksjonssjef

Tom N. Pedersen
overingeniør

Om kontrollen

Vi varsla kontrollen i e-post den 13. april 2011 og bad dykk om å sende inn grunnlagsdokumentasjon knytt til kontrolltema på førehand.

Kontrollen omfatta gjennomgang av dokument, intervju av personar i verksemda og synfaring på lokaliteten.

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart funne innanfor dei kontrollerte tema. Han gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatusen på lokaliteten.

Ansvarleg verksemd

Namn: Sjøtroll Havbruk AS	Organisasjonsnr. (undereining/ bedriftsnr.): 929363833
Besøksadresse:	Eigd av (org.nr./føretaksnr.): 929363833
Postadresse: 5397 Bekkjarvik	Telefon: 91911800
E-post: nils-arve.eidsheim@sjotroll.no	Bransjenr. (NACE-kode): 03.211

Kontrollert anlegg

Namn: Blom	Anleggsnr.: 1253.0039.01
Kommune: Osterøy	Anleggsaktivitet: Matfiskoppdrett av aure
Lokalitetsnr.: 1253.0039	Risikoklasse: 3
Løyve sist oppdatert: 25.01.2007	Løyvenr.: 2007.130.T

Til stades under kontrollen:

Frå verksemda: Svein Åge Hauge Sissel M. Romslo Arve Møgster Kenneth Samland Svein Arne Hauge	Frå Fylkesmannen: Kjell Kvingedal Tom N. Pedersen
--	---

Definisjonar

Avvik: Brot på krav fastsett i eller med heimel i helse-, miljø- og tryggleikslvgjevinga. Døme er brot på krav i forureiningslova, forskrifter heimla i forureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

Merknad: Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som er strengare enn lovkrava, kan til dømes verte omtala som merknad.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

Regelverk

Vi har ført tilsyn etter følgjande regelverk:

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta (IK)
- utsleppsløyve til verksemda
- dokumentasjon som verksemda la fram under kontrollen

Avvik

1. Miljømål

<input checked="" type="checkbox"/>	1a	Det er ikkje sett miljømål for anlegget for kva som er akseptabel forureining og påverking av resipienten.	IK§5 punkt 4
<input type="checkbox"/>	1b	Leiinga har ikkje evaluert om verksemda sine miljømål om ikkje å forureine resipienten på ein uakseptabel måte er nådd.	IK§5 punkt 8
<input type="checkbox"/>	1c	Miljømåla er ikkje gjort kjent for dei tilsette i verksemda.	IK§5 punkt 2 og 3

Kommentarar:

Sjøtroll manglar miljømål for kvar ein skilde lokalitet.

Då lokaliteten Blom fekk tilstandsklasse 3 på MOM B undersøkinga tok Sjøtroll konsekvens av det og flytta noko av biomassen over til Skaftå som dei meiner er ein betre lokalitet med betre straumforhold.

Til 1a)

Verksemda skal ha vurdert kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten ved drift av anlegget. Ut frå dette skal verksemda setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødig forureining av det ytre miljø. Desse måla skal gjelda for anlegget/lokaliteten, og dei skal vera konkrete og dokumenterte slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje.

2. Miljørisikovurderingar

<input type="checkbox"/>	2a	Det er ikkje utført miljørisikovurderingar for å førebyggje at anlegget gir uakseptabel forureining av resipienten.	IK§5 punkt 6
<input type="checkbox"/>	2b	Verksemda sine risikovurderingar av forureiningsfare og effektar av kjemikaliebruk i resipienten er ikkje konkrete, dokumenterte og / eller anleggs- / lokalitetsspesifikke.	IK§5 punkt 6
<input type="checkbox"/>	2c	Verksemda har i si risikovurdering ikkje sett kriterium for kva som er akseptabel forureining frå verksemda for å sikre ein tilfredsstillande tilstand i resipienten.	IK§5 punkt 6
<input type="checkbox"/>	2d	Tilrådingar og konklusjonar i risikovurderinga er ikkje følgt opp og lukka og/eller det er ikkje laga ein tidsfesta handlingsplan for oppfølginga.	IK§5 punkt 6
<input type="checkbox"/>	2e	Verksemda si risikovurdering er ikkje oppdatert.	IK§5 punkt 6, 7 og 8
<input type="checkbox"/>	2f	Verksemda har ikkje ein beredskapsplan som omtalar dei hendingane som er omtala i risikovurderinga for ytre miljø, til dømes massedød, akutte utslipp av diesel/olje og andre kjemikal.	IK§5 punkt 8
<input type="checkbox"/>	2g	Verksemda har ikkje ei prosedyre for sitt arbeid med risikovurderingar.	IK§5 punkt 6 og 8
<input checked="" type="checkbox"/>	2h	Verksemda manglar dokumentert rutine for substitusjon av lusemidlar og andre kjemikal/legemiddel.	PK 3a, IK§5 punkt 7

Kommentarar:

Sjøtroll manglar prosedyre i internkontrollen for krav om opplæring av eksterne før dei slepp til på matfiskanlegget.

Til 2h)

Verksemda skal risikovurdere sine kjemikalie, inkludert legemidlar og lusemidlar med tanke på substitusjon til meir miljøvenlege/ mindre helseskadelege alternativ. Dei kjemikalia som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvennlege alternativ.

Verksemda skal vurdere miljørisikoen ved alle kjemikaliane dei brukar. Dette er til dømes medisinar, lusemiddel, drivstoff m.v. Det er eit krav i produktkontroll-lova om at alle som brukar kjemikalie med miljørisiko skal vurdere om det finst alternative stoff med mindre slik risiko, og velja slike alternativ (substitusjon) dersom det kan gjerast utan urimeleg ulempe eller kostnad. Dei kjemikalia som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvennlege alternativ.

3. Resipientgranskningar

<input checked="" type="checkbox"/>	3a	Verksemda har ikkje tilstrekkeleg kunnskap/oversikt over korleis den påverkar resipienten.	IK§5 punkt 6
<input type="checkbox"/>	3b	Det er ikkje utført tilfredsstillande miljøgranskning som viser korleis oppdrettsanlegget påverkar tilstanden i resipienten.	IK§5 punkt 6
<input checked="" type="checkbox"/>	3c	Verksemda har ikkje rutine for å vurdere om motteken dokumentasjon for resipienttilstand held tilstrekkeleg kvalitetsnivå (kvaliteten på MOM B/C).	IK§5 punkt 7
<input checked="" type="checkbox"/>	3d	Verksemda har ingen rutine for å vurdere om det er behov for resipientgranskningar.	IK§5 punkt 7

Kommentarar:

Sjøtroll har ikkje dokumentert vurdering av om det ligg føre fare for forureining og dei har ikkje rutine for overvaking av botnforholda under merdane.

Sjøtroll følgjer forskriftene for resipientundersøkingar og prøver å treffe biomassetoppen for prøvetidspunkt. Rapportane har vore av ujamn kvalitet, men det har betra seg etter at dei skifta leverandør. Bedrifta har ikkje skriftlege rutinar for kvalitetssikring av rapportane.

Til 3a)

Verksemda må vita om resipienten tåler utsleppa frå anlegget. Dei må derfor skaffa seg nødvendig kunnskap om og dokumentasjon av tilstanden, slik som tersklar, straum, vassutskifting, vasskjemi, sediment m.m. saman med data om effekten av utslepp frå anlegget. Her må ein også ta med risiko for uhellsutslepp.

Verksemda må derfor ha prøvetaking og overvaking for å kunna vita korleis anlegget påverkar miljøet. Omfang og frekvens skal vera tilpassa tilstand og risiko for resipienten og miljøet kring anlegget.

Til 3c)

Verksemda må vurdere om resipientgranskningane er gode nok for å få nok informasjon om tilstanden i resipienten. Dei skriftlege rutinane bør innehalde spesifikke krav til kva for informasjon rapportene skal ha. Verksemda må kvalitetssikre at standarden for MOM-rapportene er følgt.

Til 3d)

Verksemda har ikkje sett kriterier for når/om det er trong for resipientgranskningar. Skriftlege rutinar skal innehalde kva for endringar ved anlegget eller ytre faktorar, som fører til endring av skadeverknad i resipienten og dermed endring av status. Kriteriene skal vere dokumentert i verksemda sin internkontroll.

4. Leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø

<input type="checkbox"/>	4a	Internkontroll-/HMS-arbeidet for ytre miljø er ikkje etterspurt av leiinga.	IK§ 4
<input type="checkbox"/>	4b	Verksemda har ikkje gjort ei dokumentert vurdering om anlegget sin påverknad på resipienten er akseptabel eller ikkje.	IK §§ 4 og 5 punkt 8

Kommentarar:

Sjøtroll har ikkje ytre miljø som del av årsrapporten men ytre miljø er tema i avviksrapportering og blir ivaretatt gjennom avviksrapportering og årleg internrevisjon.

5. Drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget

Drift			
<input type="checkbox"/>	5a	Føringrutinar er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5b	Rutine for <u>dødfiskhandtering</u> er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5c	Rutine for <u>overvaking av botnen under merdane</u> er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5d	Rutine for <u>kjemikal/legemidla</u> er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5punkt 7
<input type="checkbox"/>	5e	Verksemda sin rutine for avfallshandtering og lagring av farleg avfall er mangelfull.	IK§5 punkt 7, avfallsforskrifta kap.11
Førebyggjande vedlikehald			
<input type="checkbox"/>	5h	Det er ikkje dokumentert rutine/system for periodisk/førebyggjande vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr.	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5i	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>dieseltankar eller andre tankanlegg, inkludert slangar/røyrssystem og anna tilhøyrande utstyr.</u>	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5j	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>føringssystem/utstyr inkludert slangar og anna tilhøyrande utstyr.</u>	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5k	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>utstyr/system for opptak og handtering/mellomlagring av død fisk.</u>	IK§5 punkt 7

<input type="checkbox"/>	5l	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>utsleppsrelaterte alarmer eller anna overvakingsutstyr (t.d. funksjonstesting av slikt utstyr)</u>	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5m	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr:	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5p	Verksemda har ikkje etablert kriterium for kva som er tilfredstillande tilstand på utsleppsrelatert utstyr.	IK§5 punkt 6

Dokumentunderlag:

- Eit oversikts-/områdekart over oppdrettsanlegget som viser kvar anlegget sine ulike utstyrsinstallasjonar er, m.a. tankar (diesel, ensilasje, slam etc.)
- Internkontrollsystemet i ein kort, overordna omtale og/eller innhaldsliste
- Oversikt over kjemikaliebruk, type kjemikal og forbruk per år siste 3-5 år (m.a. lakselusmidla, jf. dei ”nye” midlane som einskilde anlegg no ønskjer å nytte)
- Ein kort overordna omtale av rutinar for vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr
- Rapportar/dokumentasjon frå vedlikehald/tilstandskontrollar av tankar og røyr (diesel-, ensilasje- og slamtankar etc.)
- Oversikt over eventuelle utsleppshendingar på anlegget siste 3-5 år, inkl. hendingar som kunne ha ført til utslepp, og korleis avvik vart handsama
- Referat frå leiinga sin siste gjennomgang av internkontrollen
- Rapportar frå resipientgranskingar
- Kort historikk for lokaliteten (liste over alle miljøgranskingar, inkludert straumtilhøve på lokaliteten og større endringar i drifta)
- Alle MOM B- og MOM C-granskingar frå 2005 og fram til i dag

- Anna: